



Årsmøte 2023
– SOGNDAL IL FOTBALL



Måndag 13. mars 2023

Visjon:
Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdier:

***Ambisiøse**

***Utviklande**

***Inkluderande**

***Ærlege**

Innhald

Framsida

Innhald

Dagsorden for årsmøte i samsvar med vedtektene

Styret si årsmelding for 2022

Revidert resultatregnskap med noter og balanse for 2022

Revisjonsmelding for 2022

Kontrollkomiteen si melding for 2022

Styret sitt framlegg til budsjett for 2023

Valnemnda si innstilling til val

Dagsorden for årsmøte i Sogndal IL Fotball 2023

- årsmøte måndag 13. mars 2023 kl 18:00
- i auditorium ved stallen i Stadionbygg Campus Sogndal

Sakliste

1. Opning v/leiar
 - 1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste
 - 1.2 Val av ordstyrar
 - 1.3 Val av skrivar
 - 1.4 Val av to til å skriva under protokollen
2. Gjennomgang og godkjenning av årsmelding for 2022
3. Gjennomgang og godkjenning av rekneskap for 2022
4. Gjennomgang og godkjenning av styret sitt framlegg til budsjett for 2023
5. Innkomne saker - Ingen innkomne saker.
6. Val i samsvar med vedtektene
 - 6.1 Val av styremedlemmar
 - 6.2 Val av styreleiar
 - 6.3 Val av nestleiar
 - 6.4 Val av representantar til fora der organisasjonen skal vere representert
 - 6.5 Val av kontrollkomité
 - 6.6 Tilsetting av revisor
 - 6.7 Val av valnemnd
7. Open post - orienteringar

ÅRSMELDING 2022
– SOGNDAL IL FOTBALL



Måndag 13. mars 2023.

Sogndal Fotball

Postboks 164 6851

Sogndal

www.sogndalfotball.no



Visjon:
Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdier:

***Ambisiøse**

***Utviklande**

***Inkluderande**

***Ærlege**

Dokumentet er signert med Orgbrain eSign - en standard elektronisk signatur i samsvar med EU-forordning 910/2014 (eIDAS).



Organisasjon

Styret i Sogndal Fotball har i 2022 vore samansett slik:

- Jan Rune Årøy, leiar
- Trude Ramstad, nestleiar
- Line Bjelde, styremedlem
- Einar Ylvisåker, styremedlem
- Ingvar Stadheim, styremedlem
- Øyvind Heimset Larsen, styremedlem
- Andrea Solbakken, styremedlem

Valnemnda har vore:

- Dagfinn Rude Johannesen, leiar
- Tonje Tangerud
- Margrete Svidal

Revisor har vore: Deloitte

Rekneskapsførar har vore: LOFTESNES REKNESKAP AS og ØKONOMISERVICE AS

Sogndal IL Fotball hadde ved årsskifte 6 administrative stillingar og 16 stillingar i sportsleg avdeling inkludert A-lag og utviklingsavdeling. I tillegg kjem spelartropp på 25. Ole Erik Grinde var konstituert dagleg leiar før Lars-Olav Hausberg vart tilsett og leia sitt første styremøte 7.april. Tore Andre Flo har vore hovudtrenar og Terje Skjeldestad har vore sportsleg leiar. Vi har i 2022 hatt eit samarbeid med Chelsea der to lånte ressursar, James Simmonds og Andy Ross, vår og haust har delt på å vere 2.trenar saman med Rune Bolseth. I 2022 tilsette vi Jan Tore Slinde (frå hausten) og Kristian Ask (frå våren) i deltidstillingar for å heve satsinga på dame og jente-fotballen.

Det har vore gjennomført 8 protokollerte styremøte, og der behandla 39 saker. I tillegg er det halde fleire drøftings- og orienteringsmøte. Årsmøte i Sogndal Idrettslag Fotball vart halde 9.mars. Styret har og hatt eit felles styremøte med styret i Sogndal Fotballklubb Damer. Styret har og hatt u-protokollerte møte i samband med tilsetting av ny dagleg leiar og for å bli kjent etter årsmøte for 2021. Styret er og samla rundt ulike event. Døme er det opne allmøte vi inviterte til i 2022, interne møtearenaer for informasjon og inspirasjon som «Mitt lag i Sogndal» og januarsamling på Gol. Vi deltok på leiarmøte og Miljøhelga til NFF Sogn og Fjordane, på forbundstinget i NFF og på Svein Bakke Minnefond sin dag på Fosshaugane.

Sportsplanen er i dag sjølve hjørnesteinen i drifta av Sogndal Fotball. Den gjeld frå A-lag til akademi. Planen frå 2019 vart revidert og vedteken av styret i Sogndal Fotball 06.01.2022. Klubbhandboka vart oppdatert i februar 2022. Vi har satsa mykje på utvikling. I februar fekk vi den kjekke beskjeden om at klubben har fullført prosessen med å bli sertifisert som NFF Kvalitetsklubb. Sogndal Fotball ser på dette som ein unik sjanse for utviklinga av aktiviteten, organisasjonen, kompetansen og samfunns- og verdiarbeidet i Breiddefotballen i Sogndal. I november kom gladmeldinga om at vi hadde lukkast med satsinga vår opp mot NFF og NTF sin (Norsk Toppfotball) akademiklassifisering. I november kom rapporten som fortalde at vi har gjort oss fortent til tre stjerner og meir ressursar til vår satsing.

Det tekniske systemet for medlemsregistrering vi må nytte har ikkje vore tilpassa allianseidrettslagsmodellen vår. I 2022 har vi saman med Idrettslaget lagt vesentleg innsats i å få ut gode nok medlemslister. Det har vi no fått ein orden på. Sogndal Idrettslag sitt medlemslag sitt registrerte medlemstal er i overkant av 1550. Alle medlemmar i Sogndal Idrettslag/Sogndal Idrettslag Fotball har stemmerett på årsmøte. Framover er målet at vi betre kan rapportere utviklinga i medlemmar i årsmeldinga.

Digitalisering har vore prioritert i 2022. Administrasjonen har innført nytt system for betre oppfølging av samarbeidspartnarar (CRM) og det er satsa på system for betre kundeoppleving og oppfølging på våre arrangement. I tillegg her det vore kartlagt og evaluert nytt system for dokumentarkiv og styremøtegjennomføring. Og vår ressursbruk har løfta sosiale medium som Facebook, Twitter, Instagram og podcast i 2022.

Styret har teke initiativ til eit arbeid med å systematisk inkludere berekraft i våre strategiar og planar. Vi henta inspirasjon frå FN -prosjektet «Football for the goals» som gjev eit fint bakteppe kva NTF, NFF med fleire tenkjer om tematikken og kva som vil bli fokus i norsk fotball framover. Vi er ambisiøse og også inspirert av jobben våre gode partnar Lerum alt har gjort på berekraft. Arbeidet vil inkludere heile verksemda. Resultata ønskjer vi å ta med i årsmeldingar og på anna måte synleggjere framover.

Verksemda jobbar systematisk med å redusere dei påverknadane ein har på det ytre miljø. Dette gjer ein til dømes gjennom å jobbe for reduksjon i energiforbruk gjennom bruk av fjernvarme, installasjon av LED lys i anlegg og kjelde sortering samt komprimering av avfall før transport.

Vi har lite langtidssjukemelde i klubben, utover langtidsskadar i spelartroppen. Totalt sjukefråvær i klubben var på 7,28% fordelt med 3,66% i administrasjon og 7,68% i spelartropp. Sjukefråvær i timar utgjer 5752 av totalt 79015 timar gjennom året. Sjukefråvær i spelartropp er knytt til belastningsskadar med kort og lang rehabiliteringstid.

Vi var i 2022 og opptekne av HMS, der eit av fleire tema er spiseforstyring i toppidrett. Arbeidsmiljøet i verksemda er godt.

Sogndal Idrettslag Fotball er meir enn berre eit fotballag og klubben sitt engasjement går langt utover det å berre spele fotball. Det å ta ein del i samfunnsansvaret i regionen er ein viktig del av vår overordna strategi. Sogndal Fotball spelte i 2022 inn at vi meiner det er viktig å verdsetje, framheve og inkludere det utvida kulturomgrepet i den nye strategiplanen for kultur i kommunen. Ein moderne, demokratisk kulturpolitikk burde omfatte kulturlivet til folk flest «som det blir levd». I 2022 greidde Sogndal Fotball åleine tilby og gjennomføre nær enn 100 arrangement. På dei aller, aller fleste av desse fekk unge i ulike aldrar og av begge kjønn utfalde seg og utvikle sine interesser og anlegg. Vi legg sterkt til rette for å inkludera og delta. Den samla kjønnsfordelinga i organisasjonen er 2% kvinner og 98% menn. Styret er fordelt med 57% menn og 43% kvinner. Verksemda vektlegg å gje like moglegheiter til alle medarbeidarar uavhengig av kjønn. Målsettinga er å ha eit inkluderande arbeidsmiljø, der alle tilsette har like moglegheiter og rettigheter for utvikling, trivsel og arbeidsvilkår.

Vi er omfatta av Åpenheitslova, vedteken av Stortinget i juni 2021, og gjeldande frå 1. juli 2022. Den gjeld sosial berekraft. Vi skal i vår verksemd kartleggja, førebyggja og avgrensa negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det gjeld ikkje berre oss sjølve, men og tilhøve vi bidreg til og tilhøve knytt til leverandørar og underleverandørar. Informasjon om arbeidet skal du frå 30.06.2023 kunne finne på heimesida vår. Styret meiner vi i vårt arbeid saman med administrasjonen, gjennom aktivitet vi over har skildra i 2022 har:

- vore medvite det ansvaret verksemda har
- gjort oss kjende med påverknaden for verksemda på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- sett i verk tiltak for å redusera faktisk eller mogleg negativ påverknad
- følgd med på om tiltaka verkar
- informert om tiltak og korleis dei verkar
- sørgja for gjenoppretting der skade er skjedd

Det første året etter koronaviruset

Endeleg fekk vi oppleve å ikkje vere så sterkt prega av covid-19 som i 2021 og 2020. Det vart ein meir normal sesong, trass nokre få smitteverntiltak og treningsrestriksjonar lokalt i januar. Vi fekk oppleve sjå folk fylle tribunene att. Til og med ein kamp med fulle tribuner på Fosshaugane Campus mot Brann i august. Vi fekk organisert buss til bortekamp og fylt bortefeltet på Brann stadion med glade supporterar og god stemning. Vi fekk gjennomført Lerum Cup igjen med 256 lag, med flinke medarrangørar i Hafslo og Kaupanger Idrettslag. For første gang arrangerte vi dagsturnering for 6- 9 år på Kvåle Stadion som utviding av Lerum Cup. I slutten av August vart den første Stooka-festivalen arrangert med ca 2000 publikummarar i Sognahallen. Av andre arrangement hadde vi Tine Fotballskule(juni) og Kiwi Bama Cup(oktober). I november fekk vi oppleve Ylvis med Olav Stedje og Kjartan Laritzen fornye det musikalske arvesølvstao No Pao på glimrande vis med 1700 publikummarar som stilte opp for å lage ei fantastisk ramme på Fosshaugane Campus. Musikkvideoen har over 100 000 visningar på strøymetenester.

På Miljøhelga til NFF Sogn og Fjordane fekk Daniel Gjerde Sætren fortent Tullenprisen, og vi er glade for at mange av våre jente- og gute-lag og vår dommarutvikling fekk utmerkingar. Daniel vart og nominert til MOT-prisen 2022 av sine lagkameratar for årets modigaste spelar.

Hovudsamarbeidspartnarar

Klubben nyt godt av langsiktige og stabile samarbeidspartnarar. Vår generalsponsor Sparebanken Vest og hovudsponsorane Lerum, Sognekraft og Umbro har bidrege gjennom mange år. Frydenbø som sidan 2015 har vore sponsor og forlenga samarbeidet i 2022. Alle samarbeidspartane er uvurderlege i klubben sin ambisjon om å komme tilbake til eliteserien. Mange av våre samarbeidspartnarar har merka negative effektar av internasjonal konflikt og nasjonale rammevilkår, som råvare- og straumprisar. Vi er takksame for at de er med oss.

Dugnadsinnsatsen

Dei mange frivillige som stiller opp på dugnad skal alle ha ein stor takk. Frivillige gjer våre arrangement mogeleg å gjennomføre og fotball-laga våre mogeleg å drive. Takk! 2022 var Frivilligheita sitt år, og på hausten deltok vi med kandidatar i kampanjen i regi av OBOS og Norsk Toppfotball der dei frivillige i fotballen både hyllast, heidrast og rekrutterast. Vi treng enno fleire frivillige. Våre frivillige får ikkje løn, men vi inviterer dei til fellessamlingar og til funksjonærtur.

Sportsleg resultat A-laget

Inngangen til 2022 var særleg spennande. Det nye trenarteamet, med Tore Andre Flo, James Simmonds og Rune Bolseth, henta inn fleire spennande nye namn i troppen, samstundes som fleire som har lagt ned ein stor innsats for klubben gjekk ut og vidare til andre klubbar. Og det vart ikkje minst drilla inn ein ny spelestil då karane i februar var på treningsleir i to veker i Marbella på Costa del Sol.

Det vart ein bra sesongstart med singlar heime mot Raufoss, Bryne og Kongsvinger, samt poeng og gode opplevingar borte mot Stabæk og Brann. Poengfangsten på hausten vart dårleg, og i år vart det ikkje kvalifisering heller. 7. plass på tabellen er vi ikkje nøgde med.

Laget spelte tidvis fin fotball, men måla rann dessverre for mykje inn baklengs. Det vart nokre trøkkar borte mot Start, Åsane, KFUM, Sandnes Ulf og Fredrikstad. Og ikkje minst heime mot Brann. Men vi hadde og nokre fine opplevingar borte mot Mjøndalen, Stjørdals-Blink og Raufoss og heime mot Start, Mjøndalen, Grorud, Stabekk, Ranheim og Stjørdals-Blink. Etter siste runde enda vi på 43p (mot 42p i 2021) og 55-53 (mot 40-35 i 2021) i målskilnad. Jónatan Ingi Jónsson vart vår mestscorande i Obos-ligaen med 10 mål.

Det var eit lyspunkt å sjå at mange talent fekk sjansen. Sondre Ørjasæter, Daniel Gjerde Sætren, Erik Flataker og Kristoffer Haukås Steinset fekk alle spelt fleire kampar.

Eit stort sportsleg lyspunkt i 2022 vart NM. I første runde slo vi Florø (0-5). I andre runde slo vi Bjarg (1-4). I tredje runde slo vi (endeleg) KFUM (1-1, 4-5 etter straffer). Vi spelar fjerde runde heime mot LSK 12.mars på Fosshaugane. Formelt er dette enno del av 2022 -sesongen.

Årsmelding Sogndal 2/ G19

Følgande spelarar deltok sesongen 2022.

Even Nebb

Markus Bringas

Marius Ylvisåker(overgang Fjøra juli)

Henrik Kongelf

Johannes Lødemel

Mathias Øren

Lidvin Hestetun

Noah Heggestad

Sander Heggestad

Iver Skorve

Andreas Kalstad

Jørgen Dalaker

Marius Årøy

Ola Olsen

Stian Heggelund

Kristian Kongelf

Sander Kilen

Viljar Stavø

Niklas Follevaag

Kristian Stenhaug

Andreas Duesund

Nathaniel Maristuen(overgang Fjøra juli)

Sondre Andersen

Noah Solheim(overgang Fjøra mai)

Utviklingsavdelinga har ein tydeleg treningsmetodikk og eit spelkonsept som vart påbegynt for ca. 2 år sidan som no er begynt å gi resultat både på lag og enkeltspelar. Det viser framgangen me har hatt på dei Nasjonale laga og Sogndal 2 i 2022.

Sesongen 2022 for Sogndal 2 vart svært positiv med opprykk til Norsk Tipping-ligaen etter ein svært spennande sluttrunde. At me no skal spele 3 div fotball i 2023 er svært viktig for vidare utvikling.

Vil framheve samarbeidet i teamet rundt Sogndal 2.

Trenarteam:

Hovudtrenar Nils Tore Krosshaug

Ass.trenar. Martin Natvig

Fysio Helene Bakke

Mat.forvalter Morten Rørstabotten

Bjørn Skjeldestad

Albert Olav Fedje

G19 NM:

1.runde Valder - Sogndal 0-2 2.runde

Sogndal - Hødd 2-3

Equinor talentleir 2022:

Sander Heggestad

Andreas Kalstad

Mathias Øren

Daniel Sætren

Landslag 2022:

Mathias Øren G 16

Daniel Sætren G 16

Vil og berømme samarbeidet i utviklingsavdelinga og med A- lagsteamet gjennom sesongen 2022.

Årsmelding Nasjonal G18

I 2022 var det første gong at Sogndal Fotball var med på NG-18. Dette konseptet blir organisert som følgjar: Det er fire grupper med fire lag i kvar gruppe. Laga i gruppene spelar mot kvarandre 2 gonger (heime/borte), totalt 6 kampar. Dei to beste i gruppa går til A-sluttspillet og dei to neste til B-sluttspillet. Dette er eit konsept der spelarar frå Sogndal Fotball kan delta, ingen hospitantar. Denne spelforma er organisert slik at på våren (før ordinær sesong tek til) så fullfører ein gruppespelet, og frå medio september og ut hausten så fullfører ein sluttspillet. Då blir kampane spelt i vekedagar.

Dette er ein super arena der me får målt oss mot dei beste i landet med våre eigne spelarar. I 2022 var me i gruppe med Viking, Brann og Haugesund. Det var svært god motstand og fleire fekk nok seg eit lite sjokk i dei første kampane. Etter at alle 6 kampane var spelt, stod me igjen med 1 siger (heime mot FKH) og 5 tap. Her fekk me verkeleg sjå kor lista ligg på dette nivået.

Etter ein sommar med meir trening og kampar var gjengen igjen klar for NG-18 serien. Då spelte me mot Mjøndalen, Rosenborg og Bodø Glimt. Gutane viste i desse kampane at dei har teke nivået. Fasiten etter desse kampane var 3 seierar. Dette er absolutt ein arena som me får testa ut kor me ligg i «løypa» når spelarane våre begynnar å bli vaksne. I 2023 vil NG-18 bli endra til NG-19. Dermed vil «stigen» for nasjonale ligaer vere følgjande frå 2023: NG-14, NG-15, NG-17 og NG-19.

Troppen som deltok i kampane var:

| | | |
|------------------|----------------------------|-------------------|
| Daniel Sætren | Iver Skorve | Nikolas Trollebø |
| Sondre Midthjell | Sander Heggstad | Erik Flataker |
| Even Nebb | Sondre Ørjasæter | Kristian Stenhaug |
| Markus Bringas | Kristoffer Haukås Steinset | Andreas Duesund |
| Sondre Andersen | Andreas Kalstad | Viljar Stavø |
| Henrik Kongelf | Marius Årøy | Nathaniel |
| Mathias Øren | Stian Heggelund | Maristuen |
| Lidvin Hestetun | Sander Kilen | Noah Solheim |
| | | Niklas Berglund F |

Støtteapparat rundt laget:
Trenar: Terje Skjeldestad
Trenar: Patrik Karoliussen
Fysio: Helene Bakke
Kontaktperson: Erling Ola Fykse



Årsmelding Nasjonal G16

Sogndal Fotball deltok i 2022 i Nasjonal serie for gutar 16 år. Troppen bestod av spelarar tilhøyrande eigen klubb og hospitantar frå Sogn og Fjordane. Gruppa samlast ein gang pr. veke i trening og spelte 12 kampar gjennom 2022 sesongen i den nasjonale serien.

Gjengen vant både seriespelet og sluttspillet og med kun 1 tap på 12 kampar viser resultatata at det det gror godt både i Sogndal Fotball og i klubbane i fylket.

Hovudfokuset gjennom sesongen var på prestasjon og utvikling. At enkeltspelarar og laget utviklar seg gjennom vår treningsmetodikk og spelmodellen vår. Me såg utover sesongen god progresjon i måten me ønskje å forsvare oss og angripe på, spelarane utvikla seg både som individ og som lag. Det å delta i nasjonal serie har vore både inspirerande og lærerikt for oss. Spelarane tek med seg gode referansar og motivasjon til å utvikle seg vidare både som fotballspelarar og som menneske.

Troppen som deltok i kampane var:

| | | | |
|-------------------|-----------------|---------------------|-----------------|
| Daniel Sætren | Sogndal Fotball | Noah Hillestad | Sogndal Fotball |
| Sander Heggstad | Sogndal Fotball | Felix Solheim | Dale IL |
| Elling Kvåle | Sogndal Fotball | Oskar Grenager | IL Jotun |
| Mathias Øren | Sogndal Fotball | Tomas Hellebø | IL Jotun |
| Noah Heggstad | Sogndal Fotball | Julian Læg Reid | Årdal FK |
| Linus Heggstad | Sogndal Fotball | Andreas Hvidsten | Førde Fotball |
| Kristian Kongelf | Sogndal Fotball | Jonas Nistad | Førde Fotball |
| Ola Lerheim Olsen | Sogndal Fotball | Sigmund Høyvik | Førde Fotball |
| Iver Harberg | Sogndal Fotball | Arne Olai Vallestad | Førde Fotball |
| Mathias Ravnstad | Sogndal Fotball | Sander Lekva | Førde Fotball |
| Viljar Stavø | Sogndal Fotball | Elias Grimeland | Førde Fotball |
| Andreas Kalstad | Sogndal Fotball | Michael Sobzak | Florø SK |

Støtteapparat rundt laget:

Trenarar: Tommy Øren og Morten Olsen

Fysio: Helene Bakke

Lagleiar: Geir Inge Heggstad

Kontaktperson: Erling Ola Fykse

Trenarteamet ønskjer å takke alle som støtta laget gjennom 2022, takk også til klubbane som hadde hospitantar inne hjå oss for godt samarbeid gjennom sesongen.



Årsmelding G2008/NG-14 Sogn og Fjordane kretslag

Kamper i 2022:

Sogn og Fjordane-Sunnmøre 3-0 Trøndelag-Sogn
og Fjordane 5-3

Sogn og Fjordane-Hordaland. 1-6

Sogn og Fjordane-Rogaland/Viking 3-3

Sogn og Fjordane-Åsane NG14 3-4

Rogaland/Haugesund-Sogn og Fjordane 0-3

Spelartropp:

Erlend Hetle, Mikkel Wurtz, Ogi Markovic, Sondre Høydahl, Vegard Guddal, Lukas Tangedal, Tobias Herstad, Nicolai Gulliksen, Rafael Mitei, Ludvig Gimmestad, Kristian Nord, Gaute Sandal, Noah Brattreit, Syver Hatteland, Njord Leversund, Lukas Lemvik Vigdal, Elias Flo, Khadar Ibrahim, Casper Nybø, Adrian Holvik, Even Barstad

Trenersteam:

Martin Natvig, Erling Ola Fykse, Tommy Øren, Håvard Hetle



Årsmelding – breiddefotball 2022

Barnefotball Gutar:

- G2016, G2015, G2014, G2013, G2012, G2011, G2010.

Jenter:

- J2016, J2015, J2014, J2013, J2012, J2011, J2010.

Ungdomsfotball:

Gutar:

- G-U13 (3 lag, 9-ar serie)
- G-U15 (2 lag, 11-ar serie)
- G-U17 (2 lag, 11-ar serie) Jenter:
- J-U13 (1 lag, 9-ar serie)
- J-U15 (1 lag, 11-ar serie)
- J-U17 (1 lag, 11-ar serie)

Seniorfotball Herrar:

- SIL 3 (1 lag, 11-ar serie) Damer:
- Sogndal Damer/Sogndal FK Damer 2 (1 lag, 11-ar serie)

Sertifisert som Kvalitetsklubb

Klubben vart i 2022 sertifisert som Kvalitetsklubb, som er prov på at klubben har utvikla ein god struktur, eit godt planverk og felles verdiar. Hensikta med Kvalitetsklubb er å stimulere til god klubbutvikling og forsterke heilheita. Tenkeleg vil ein då tiltrekke seg fleire frivillige og skape gode forutsetningar for sunn barne- og ungdomsidrett. Det har vore avgjerande for året 2022 at alle involverte i Sogndal Fotball har stilt seg bak planverket og gjeve det ein sjanse. Arbeidet er omfattande, så her har klubben vore avhengig av flinke trenarar, lagleiarar og frivillige med høgt engasjement for fotballen. Sogndal Fotball ønskjer å takke alle som har bidrege i 2022!

Kvalitetsklubarbeidet til Sogndal Fotball vert framstilt i punkta: sportsplan, skuleringsplan, fair play, rekruttering og samarbeidet mellom Høgskulen på Vestlandet, NFF Sogn og Fjordane og Sogndal Fotball.

- **Sportsplan, revidert 2022.**

Formulert av visjonen og kjerneverdiane som skal gjennomsyra det daglege arbeidet. Sportsplanen er køyrereglane for all aktivitet i Sogndal Fotball og trenarar, lagleiarar og frivillige har blitt gjort kjend med innhaldet og nytta det aktivt i kvardagen. Det har vore særleg fokus på *fair play*, *hospitering* og *differensiering* i klubb - noko me har tatt vidare steg på å systematisere og gjennomføre.

- **Skuleringsplanar.**

Raud tråd i aktiviteten som skapar felles identitet. Trenarar i breiddefotballen gjev positive tilbakemeldingar til skuleringsplanane, men at dei kunne vore gjort meir oversiktelege.

- **Fair Play.**

Sogndal Fotball er ansvarsbevisst i Fair Play-arbeidet. Før sesongen 2022 vart alle spelarar i klubben presentert for «*Fair Play spelarkontrakt*» som er sju punkt på korleis ein viser

respekt for kvarandre. Dette gjeld og foreldre som fekk framlagt «foreldrevettreglar» som er ti punkt på korleis foreldre møter borna sine og omtalar klubbens arbeid, planverk og frivillige.

- **Rekruttering.**

Superlaurdag 26. mars vart 2016-kullet sitt første møte med fotballen. Miguel Seva informerte barnehagar i omegn om tilbodet til Sogndal Fotball og kalla inn til informasjonsmøte for alle føresette saman med klubbkoordinator Kristian Ask. I oppstarten heldt dei ei demoøkt for dei frivillige og fekk gode tilbakemeldingar på oppstarten.

- **Samarbeid Høgskulen på Vestlandet, NFF Sogn og Fjordane, Sogndal Fotball.** Klubben styrkar samarbeidet med HVL og NFF Sogn og Fjordane ved tilsetjing av Morten Olsen i ei koordinatorstilling mellom dei tre. Klubben har i løpet av året tatt eit større ansvar inn mot sone- og kretslagsaktivitet ved å stille med trenarkrefter. Samarbeidet med HVL gjev tilflyt av trenarar som tek utdanning med fordjuping i trenarrolla, som ønskjer praksis i våre aktivitetar. I sesongen 2022 har ein hatt ei god blanding av lokale trenarar og studentar.

- **Rollebeskrivelsar i breiddefotballen.**

Klubbkoordinator: Kristian Ask.

Koordinator mellom Sogndal Fotball, HVL og NFF Sogn og Fjordane: Morten Olsen.

Akademi-, Fair Play-, og rekrutteringsansvarleg: Miguel Seva.

Politiattestansvarleg: Andrea Solbakken.

Utstyrsansvarleg: Morten Læg Reid.

Trenarledansvarleg: Tom Rune Kongelf.

Verv i NFF

| | |
|------------------|--------------------|
| Håvard Flo | Disiplinærutvalet |
| Margrethe Svidal | Konkurranseutvalet |
| Arild Hopen | Lisensnemda |

I tillegg har vi fleire tilsette knytt til landslaga som t.d. Terje Skjeldestad og Geir Inge Heggstad i U21.

Verksemda

Sogndal Idrettslag Fotball blei stifta 19. februar 1926 og ein fotballklubb frå saftbygda Sogndal. Sogndal spelar sine heimekampar på Fosshaugane Campus.

For øvrig består konsernet av Sogndal Fotball AS, som eig og drifrar eigedomsmassen på Fosshaugane Campus, samt Idrettssenteret AS (treningscenteret Spenst). Sogndal eFotball AS blei stifta i 2022 og er 100 eigd av Sogndal Idrettslag Fotball, som skal drive med utvikling og utleige av bygningsmasse på Campus. Samtlege av verksemdene har tilhaldsstad i Sogndal Kommune.

Økonomi

Omsetnad og resultat

Rekneskapan for 2022 syner samla driftsinntekter på mNOK 51 mot mNOK 45 for 2021. Resultat før skatt viser eit underskot på mNOK 7,6 mot underskot på mNOK 3,2 for 2021.

Auken i inntekter på mNOK 5,5 har ikkje vore tilstrekkeleg for å dekke auken i kostnader. Auken på kostnadssida på ca mNOK 10 skuldast i hovudsak at det har og vore dyrare med etablering av nytt trenarteam, samt høgare kostnader ved spelarlogistikk der rammevilkåra har endra seg mykje dei siste åra.

Styret er ikkje nøgd med resultatutviklinga for klubben i 2022 og det er utarbeida ein tiltaksplan som skal sikra auka inntekter og reduserte kostnader i 2023.

Konsernet har samla driftsinntekter på mNOK 96,1 mot mNOK 86,6 i 2021. Resultat før skatt viser eit underskot på mNOK 3,1 mot overskot på mNOK 2,2 for 2021.

Kontantstraum og balanse

Kontantstraumen frå drifta var i 2022 negativ med mNOK 4,1, mot mNOK -3,8 i 2021. Dette har ein løyst ved å auke i gjelda som klubben har til Sogndal Fotball AS med MNOK 7,4.

For konsernet samla er kontantstraumen frå drifta i 2022 positiv med mNOK 7,1 mot mNOK 8,3 i 2021. Endring i totalkapitalen relaterer seg i det alt vesentlege til bankinnskot som samla er redusert med ca mNOK 8 og langsiktig bankgjeld som er redusert med mNOK 9 gjennom nedbetalingar av avdrag ila 2022. Sogndal Fotball AS er i brot med eit av lånevilkåra ovanfor banken pr 31.12.22. Det er innhenta wavier frå banken knytt til dette forholdet.

Den finansielle marknadsrisikoen for klubb er primært knytt til sportslege resultat og spelarlogistikk. Tilskot av mediepengar er direkte knytt opp mot sportslege resultat. Sportsleg suksess gir auka attraktivitet og derav auka inntekter, medan dårleg sportslege resultat fører til det motsette.

For konsernet er den største finansielle risikoen knytt til renteutvikling og vidare utvikling og vekst i regionen då Sogndal Fotball AS har stor renteberande gjeld og store leigeinntekter som kan bli påverka.

Fortsatt drift

Pr 31.12.22 er meir enn 50 % av den bundne kapitalen tapt og styret si handleplikt er inntrådt. Som skissert over har verksemda betydeleg underskot for 2022 og likviditeten er stram. Det er utarbeida ein handlingsplan med ei rekke tiltak.

På inntektssida skal tiltaka blant anna styrka innteninga på eksisterande arrangement og aktivitetar, samt skapa nye inntektsbringande aktivitetar. Ein skal vidare utvikla eksisterande, og tiltrekkja seg nye, finansielle samarbeidspartar. Ny medieavtale gjev også auka inntekter for verksemda.

På kostnadssida må ein arbeide systematisk med reduksjon i kostnader knytt til personale, drift og aktivitet som ikkje er inntektsskapande.

Styret vurderer at det er meirverdiar i spelarrettar som ikkje er reflektert i bokførte verdiar. Det vert solgt spelarar som rekneskaps messig gevinst som underbygger dette.

I 2023 forventar styret ei nøytral løpande drift, på bakgrunn at dei tiltaka som er iverksett. Selskapet er og har vore i ein pressa situasjon likviditets messig. Likviditetsprognosen for 2023 syner at me innførte tiltak vil Sogndal Idrettslag Fotball ha betalingsevne i tida framover.

På bakgrunn av dette stadfestar styret at årsrekneskapen er utarbeida under føresetnad om fortsatt drift.

Selskapet har ikkje teikna styreansvarsforsikring pr 31.12.22.

Framtidsutsikter


Framtidsutsiktene til klubb er vurdert til å vera positive, men usikre. Det positive er at klubben har store meirverdiar i spelarrettigheter og spelarstall. Usikkerheita er knytt til den raske utviklinga av kostnadsnivået i Norsk fotball rundt spelarlogistikk og spelarlønningar. Vår satsing på eigenutvikling og meirverdi i spelarstall vil i så fall slå positivt ut for oss. For konsernet elles er det stort fokus på vidare utvikling med 2 store prosjekt i emning. Utbygginga av svingen som er kostnadsestimert til rundt mNOK 80, og ei stor opprusting og oppgradering av idrettssenteret til rundt mNOK 7. Begge disse investeringane er tenkt å gje konsernet auka inntekter i framtida.

Styret i Sogndal Fotball vil rette ei takk til frivillige, tilsette, samarbeidspartnarar og alle andre som har bidrege i løpet av sesongen. Dette er eit viktig fundament for klubbdrifta.


Sogndal 13. mars 2023
Styret i Sogndal IL Fotball



Jan Rune Årøy



Trude Ramstad




Andrea Strand Solbakken





Einar Ylvisåker




Ingvar Stadheim



Line Bjelde



Øyvind Heimset Larsen



Revidert resultatregnskap med noter og balanse for 2022

Sjå vedlegg

Revisjonsmelding for 2022

Sjå vedlegg

Kontrollkomiteen si melding for rekneskapsåret 2022


SOGNDAL FOTBALL IL

Kontrollkomiteen si melding for rekneskapsåret 2022

Kontrollkomiteen har kontrollert at Sogndal Fotball IL sine midlar vert brukt i høve til lover, vedtak, løyvingar og rammer, og at gjennomførte tiltak er i samsvar med organisasjon sine lover vedtak fatta av årsmøtet.

Komiteen har hatt møte med dagleg leiar, administrasjonssjef, rekneskapsfører og revisor der interne kontrollrutinar, budsjett og rapporteringsrutinar har vore tema. Desse er etter komiteen si vurdering tilfredstillande og føremålstenlege. Rekneskapsrapport for 31.12.2022 med revisjonsmelding er framlagt komiteleiar.

Sogndal 06.03.2022



Rune Timberlid

Budsjett for Sogndal IL Fotball for rekneskapsåret 2023

| Sogndal IL Fotball | Budsjett 2023 |
|-------------------------------------|-------------------|
| | |
| | |
| Reklame og sponsor | 16 000 000 |
| Billettinntekter | 3 600 000 |
| Andre kampdagsinntekter | 2 250 000 |
| Mediainntekter | 10 390 000 |
| Medlem og arrangement | 11 780 000 |
| Spelarsal | 6 500 000 |
| Gåver og andre inntekter | 8 150 000 |
| SUM INNTEKTER | 58 670 000 |
| | |
| Treningsleir/forsesong | 950 000 |
| Kamp og treningskostnader A-lag | 4 540 000 |
| Arrangementkostnader | 5 135 000 |
| Personalkostnader | 30 370 000 |
| Avskrivningar andre | 150 000 |
| Avskrivningar spelarkontraktar | 1 600 000 |
| Administrasjonskostnader | 3 652 000 |
| Leige av trening og kampfasilitetar | 5 080 972 |
| Kostnadar reklame/sponsorar | 1 780 000 |
| Salskostnader | 1 000 000 |
| NFF/NTF og aldersbestemt | 2 870 000 |
| Andre kostnader | 198 000 |
| SUM KOSTNADER | 57 325 972 |
| | |
| DRIFTSRESULTAT | 1 344 028 |
| | |
| Netto finans | -200 000 |
| ÅRSRESULTAT | 1 144 028 |

Valnemnda si innstilling til val

Val av styremedlemmar

Innstilling:

| | |
|-------------------|----------------|
| Kåre Jan Mjelleli | - ny, 2 år |
| Einar Ylvisåker | - attval, 2 år |
| Jan Rune Årøy | - attval, 2 år |

| | |
|-----------------------|----------------|
| Trude Ramstad | - ikkje på val |
| Andrea Solbakken | - ikkje på val |
| Øyvind Heimset Larsen | - ikkje på val |
| Line Bjelde | - ikkje på val |

Val av styreleiar

Innstilling:

Jan Rune Årøy er innstilt som styreleiar.

Val av nestleiar

Innstilling:

Styret konstituerer sin eigen nestleiar.

Andre fora

Innstilling:

Årsmøtet delegerer til styret å velje representantar til ulike fora som organisasjonen har rett til å delta i.